


Telenorrennet i kaldt ver.

27.02.2018



Telenorrennet vart gjennomført i kaldt ver.

Så var årets Telenor-renn vel i havn. Rennet gjekk greitt, og var over på ein og ein halv time. Lenger enn det kunne vi ikkje dra det, for det var bitande kadt denne kvelden. Henrik Bauge var nok også kald og ville heim, for han sette ny løyperekord på tida 1 minutt og 57 sekund.

Også vår eigen Stig Berge-Soldal viste at det går an og gå raskt på ski. Han var kun 7 sekund bak Henrik Bauge, og gjorde såleis eit godt løp.

Av damene var det Silje Soldal som var raskast. Silje tok runden på berre 02:26, berre 1 sekund framfor Kari Bråtun.

Etter prologen vart alle sett inn i heat, og dei raskaste gjekk vidare til ein finale. Her vart det til slutt Ternen jenta Maria Eikemo Ersland på 11 år som vann i dame/jente klassen. I herre/gute klassen var det Tobias Berge-Soldal 13 år som stakk av med førsteplassen.

66 løparar stilte til start i konkuranseklassen, samme antal som i fjor.

I barnerennet stilte kun 8 stk, eit tal vi gjerne skulle sett var høgare.

Resultat frå kveldens renn finn de [HER.....](#)

Tekst foto::Knut Johannes Ripel

Nett: Kristian Bringdal



Telenorrennet, eit skirenn der alle får premiar.